FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Leikanger Jordbrukslag
v/Jo Vikøren
6863 LEIKANGER

| Dykkar ref. | Vår ref. | Leikanger |
|---|---|---|
| | 2001/05856/434.11/JT | 31.08.2001 |

# IVERKSETJING AV FELLINGSLØYVE PÅ SKADEGJERANDE ULV I LEIKANGER KOMMUNE

Vi viser til søknad om fellingsløyve motteke i dag 31.08.01.

I følgje søknaden er det i dag funne 7 skadde sauer i området mellom Grindsdalen og Henjadalen i Leikanger kommune. 4 av dyra var så hardt skadde at dei måtte avlivast. Frå før er det funne tre drepne eller skadde sauer i det same området, som i følgje SNO er angripne av eit "stort hundedyr".

Kl 0710 i dag vart det observert og fotografert ein ulv eller stor hund som jaga ein flokk med sauer på innmark på Eggja i Leikanger. Dei siste to-tre vekene har det vore mistanke om at ulv eller laushund har gjort skade på sauer i området.

Det knyter seg framleis noko uvisse til om det er ulv eller laushund (t.d. schæfer eller siberian husky) som har vore på ferde. Bileta frå Eggja er tekne på avstand og er noko uskarpe, men ekspertar som har sett på bileta (sendt per e-post) finn det sannsynleg at det dreiar seg om ulv. I førstninga av august observerte fleire personar på nært hald ulv som gjekk til åtak på sau i fjellområdet mellom Årdals- og Lustrafjorden i Luster. Det kan ikkje utelukkast at det dreiar seg om same dyret. Dersom det er ulv, tyder alt på at det er eit einsleg streifdyr. Det er mykje sau på beite og stort potensiale for ytterlegare skade i området.

Søknaden er handsama med heimel i *Forskrift om forvaltning av bjørn, jerv, ulv og gaupe, fastsett ved kgl. res. av 30. juni 2000*, og brev 30.05.01 frå Direktoratet for Naturforvaltning om betinga fellingsløyve på store rovdyr. Etter forskrifta kan Direktoratet for naturforvaltning gje fellingsløyve på ulv, og fastsetje nærare vilkår for eit fellingsløyve. I brevet av 30.05.01 frå Direktoratet (vedlagt) er mynde til å setje i verk slikt fellingsløyve delegert til fylkesmennene, innanfor ei ramme på 3 dyr i 2001.

Direktoratet for naturforvaltning presiserer at bruken av betinga fellingsløyve ikkje er ei generell opning for felling av rovvilt straks skade oppstår. Eventuell avgjerd om å iverksetje felling skal byggje på ei heilskapsvurdering av skadeomfang i forhold til behovet for vern av rovviltet, sett ut frå prinsippet om differensiert forvaltning (jf § 1). Ved dette skjønnet skal det særleg takast omsyn til storleik og samansetjing av vedkomande rovviltbestand, området si betydning som beitemark, skadeomfanget og utvikling og potensiale for framtidige skadar (jf § 3). I tillegg, og særleg innanfor fastsette kjerneområde eller særskilte forvaltningssoner for rovvilt, skal det leggjast vekt på om det i staden kan gjennomførast førebyggjande tiltak for å avgrense skadane (§ 2). Fellingsløyvet


| Adresse | Telefon | Landbruksavdelinga | Telefon |
|---|---|---|---|
| Tinghuset, Skrivarvegen 3 | 57 65 50 00 | Hafstadvegen 48 | 57 72 32 00 |
| Postboks 37 | **Telefaks** | Postboks 14 | **Telefaks** |
| 6861 LEIKANGER | 57 65 50 55 | 6801 FØRDE | 57 82 12 05 |
| **Epost:** Postmottak@fm-sf.stat.no | | *Internett*: www.fjordinfo.no/fmsf | |

skal rettast mot det skadegjerande individet og løyvet må vere avgrensa til eit bestemt område, tidsrom og tal dyr.

**Fylkesmannen si vurdering**
Det knyter seg framleis noko uvisse til om det er ulv eller stor laushund som er skadegjerar i dette tilfellet. Dette spelar likevel mindre rolle, ettersom skadeomfanget no er så stort at vilkåra for å gje skadeløyve for ulv etter vårt skjøn er til stades. Med 7 nye sterkt skada sauer i dag er talet på drepne og skadde/avliva sauer i området totalt 10. Det beitar mykje sau i området og potensialet for ytterlegare skade er såleis stort.

Så seint i sesongen er tidleg nedsanking eit aktuelt alternativ, som uansett bør iverksetjast. Men sjølv dette har avgrensa effekt (og må i tilfelle kombinerast med vakthald), ettersom ulven i dag gjekk til åtak på og skada sauer på innmark nede i bygda. Det aktuelle beiteområdet er skogkledd og småkupert, og det er ikkje heilt lett å vakte dyra eller skaffe oversyn over tap.

Ulven, som etter alt å døme er eit einsleg streifdyr, opptrer her langt utanfor utpeikte forvaltingssoner for ulv på Austlandet. Stortinget har vedteke at det ikkje skal etablerast ulv i dei sauetette områda på Vestlandet. Dette inneber at det vil vere relativt låg terskel for å gje fellingsløyve.

Med heimel i forskrifta § 3 **iverkset fylkesmannen ut frå dette fellingsløyve på ein (1) ulv**.

I tillegg til vilkåra i DN sitt brev av 30.05.01, set fylkesmannen følgjande vilkår for løyvet:

1. Kommunen oppnemner jaktlag og ansvarleg jaktleiar for fellingsforsøket.

2. Fellingsområdet er avgrensa til Leikanger kommune.

3. Fellingsløyvet gjeld frå fredag 31.08.01 kl 1800 til søndag 09.09.01 kl 2000.

4. Fellingsløyvet gjeld *ikkje* for ulv som er radiomerka.

5. Det skal berre nyttast våpen og ammunisjon som tilfredsstiller krava til jakt på elg, hjort, villsvin og villrein, jf § 2.2 i forskrift om våpen og ammunisjon (rundskriv 3/99).

6. Vi føreset at kommunen syter for at alle involverte i jakta så raskt som det er praktisk mogeleg får kopi av dette brevet og DN sitt brev av 30.05.01.

Vi minner spesielt om meldeplikta ved felling og skadeskyting av dyr (pkt 4 og 5 i DN sitt brev), og pkt 6 om ivaretaking av felt vilt.

Vi gjer merksam på at det etter viltlova § 20 er forbod mot å nytte kunstig lys under jakta. Fylkesmannen har ikkje høve til å gje dispensasjon frå dette forbodet.

Dette vedtaket kan påklagast etter reglane i forvaltningslova innan tre veker, jf vedlagde skjema. Ei eventuell klage skal rettast til DN, men sendast via fylkesmannen.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
*fylkesmiljøvernsjef*

Jofred Takle
*seksjonsleiar*

Kopi
m/vedlegg: Leikanger kommune, 6863 Leikanger
Lensmannen i Leikanger, 6863 Leikanger
Kopi: Sogndal kommune
Balestrand kommune
Direktoratet for naturforvaltning
SNO v/Sverre Tveiten, 5784 Øvre Eidfjord
Rovviltkontaktane i fylket
Rovviltutvalet v/Kirsti T. Bell, 6978 Viksdalen
Sogn og Fjordane sau- og geitalslag v/Geir Ole Ervik, 6750 Stadtlandet
Distriktsveterinæren i Luster, 6868 Gaupne
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, pb. 470, 6853 Sogndal
Dyrebeskyttelsen i Sogn og Fjordane, Hillegård 22, 6887 Lærdal
Foreningen Våre Rovdyr, postboks 195, 2151 Årnes
*Internt:* *LØ, FMLA, NEY, OJF*

*Sakshandsamar: Seksjonsleiar Jofred Takle – tlf. 57 65 51 43*
*Rovviltkonsulent Hermund Mjelstad – tlf. 57 65 51 42*